



Agderplan As
Sørhauggata 128
5527 HAUGESUND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/4675 - 22/57731

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
21.07.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 322/256 Mjåtveit

Tiltak: Lagerhall
Byggjestad: Gbnr: 322/256
Tiltakshavar: Rasmussen Næringsseiendom As
Ansvarleg søkjar: Agderplan As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.06.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vegtilkomst til eigedommen er ikkje regulert i planen. Det er sendt inn varsel om endring av reguleringsplan i eigen sak 22/682 den 18.07.22, men vi må vente med handsaming av rammesøknad til planendringa er godkjent. Evt. kan det søkjast dispensasjon, som ble opplyst tidlegare om.
2. Det er ikkje mottatt storleik på bruksareal for nybygg, kun bygd areal.
3. Det er vist 6 parkeringsplassar på situasjonsplanen, men Du opplyser om 244 m2 som parkeringsareal. Vi trenger berekningar av parkeringsareal knytte til bruksareal til bygningsmassen og planføresegner.
4. Gjennomføringsplanen manglar ansvarsområde for prosjekterande.
5. På teikningar til plan i 2.etasje er det ikkje satt rombenevnelse med arealbruk.
6. Det er vist garderobar, toaletta og spiserom på plan 1, tiltaket krev samtykkje frå arbeidstilsynet før igangsetjingsløyve skal utstedast.
7. Slokkevatnkapasitet skal avklarast med Samferdsel-, veg, vatn og avløps avdelinga her før igangsetjing.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan 31.08.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rasmussen Næringseiendom As Moldekleiv 35 5919 FREKHAUG

Mottakarar:

Agderplan As Sørhauggata 128 5527 HAUGESUND